

Kyrkjetonar



**Det sanne lyset, som lyser
for kvart menneske, kom
no til verda.**

**Han var i verda,
og verda vart til ved han,
og verda kjende han ikkje.**

**Han kom til sitt eige, og hans
eigne tok ikkje imot han.**

**Men alle som tok imot han,
dei gav han rett til å bli
Guds born, dei som trur på
namnet hans.**

Johannes 1, 9 - 12

Framsdebiletet:

3 generasjoner på misjonsmesse i
Førre. Eldunn Breivik Østhus med
datteren Ane Elin og barnebarnet
Leonora. Foto: Asbjørn Erdal

Kyrkjetonar

**Utgivar: Sokneråda i Bokn, Tysvær,
Førresfjorden og Nedstrand sokn.**

Fire nummer i året: mars, juni,
september og desember

Redaktør: Ståle Hustoft,
Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand.
Mobiltelefon 900 26 142,
e-post: hustoft@hustoft.net

Redaksjon: Ingunn Grønnestad,
Ingrid Hustoft Landro og Asbjørn Erdal

Post til redaksjonen kan også sendast:
Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal, telefon:
52 75 77 00, telefaks: 52 75 77 10

Girokonto: 3240.07.61212.

VIPPS-nummer: 523083

Frivillig kontingent: kr. 150,-

Kasserar: Børge Løype,
5574 Skjold. Telefon 52 76 21 22

Grafisk utforming: Ståle Hustoft

Ein felles rytme

**Den sjuande dagen fullførte
Gud det arbeidet han hadde
gjort, og den sjuande dagen
kvilte han frå heile det
arbeidet han hadde gjort.**

1. mosebok 2,2

Me treng å dela opp dagane og
vekene i arbeid og kvile. Eg og
familien har tilbakelagt eit ekstra
travelt år, med gard, bygging og
familie. Fleire gonger dette året
har eg sagt «Han som lærte oss
å kvila kvar sjuande dag, var ein
klok mann.»

Sjølvs om søndagen ofte vert kalla
kviledag, og middagskvilen ofte
vert ekstra lang, så er det andre
ting enn kviling som er viktig med
søndagen. Me treng ein felles
rytme over dagane.

Det er viktig for familie, vener og
kollegaer å vera einige om ein
felles rytme. Ein dag der ungane
veit at pappa har tid til å leika
eller vera med på tur. Vener veit
at me kan inviterast på besøk og
kollegaer veit at jobbspørsmål
kan venta til mandag morgon.

Han som skapte oss og kjenner
oss, lærte oss å kvila kvar
sjuande dag.

God søndag!

Ståle Hustoft

Redaksjonen avslutta: 25. november

PS:

Har du lyst å støtta arbeidet med
Kyrkjetonar så kan du nå betala
den frivillige kontingenten og
gåver til VIPPS-nummer 523083

Her kan du
betale med
v^{ipps}

523083

Vipps-nummer



redaktørens hjørne



Familiespeideren på tur til Trodlakjerka

tekst: Irene Høyvik Jørgensen/ foto: Kristian Jørgensen

**Familiespeideren i Tysværvåg hører til
Tysværvåg speidergruppe. Ca en gang i
måneden samles vi til tur eller aktiviteter.**

Denne flotte novembersøndagen tok vi turen til
Trodlakjerka på Førland. En flott tur som var lang
nok til å gi god mestringsfølelse for treåringene men
likevel kort nok til at de klarte å gjennomføre.

Trodlakjerka er en flott steinformasjon som ruver
fint i landskapet og er spennende å klatre på! Denne
søndagen gikk vi i strålende sol, men sist vi var der
regnet det godt og da gav steinene fint tak til å spise
nisten under.

For å holde på motivasjonen under turen hadde vi
turbingo underveis hvor vi lette etter ulike ting langs
stien, men de med best fantasi kunne ikke bare melde
om fugler, bekker og sopp, men også dinosaurer
langs løypa! Litt ekstra motivasjon i form av noen
karameller i sekken kom også godt med mot slutten.

I dag var vi 5 familier med barn fra 0-9 år på tur,
men dette varierer fra gang til gang, og vi har plass til
flere! Velkommen, speidererfaring eller ei! Målet vårt
er å skape gode turminner sammen ute.

Sjekk ut [https://www.facebook.com/groups/
TysvaervaagSpeider/](https://www.facebook.com/groups/TysvaervaagSpeider/) for datoer og mer
informasjon.



Kyrkja i Tysvær og Bokn

**Bokn, Tysvær, Førresfjorden og
Nedstrand sokn**

Telefon*: 52 75 77 00

Internett: www.tysvaerkirken.no

E-post: kyrkja@tysver.kommune.no

**Kyrkjekontoret for Bokn, Tysvær
og Førresfjorden sokn**

åpningstid: tirsdag, onsdag, torsdag og
fredag, kl. 10 - 14

Sokneprest Arne Aurdal

Mobiltelefon: 93 415 402

Sokneprest Dag Tormod Milje

Mobiltelefon: 934 15 401

Sokneprest Gjermund Lygre

Kateket Ragnhild Meland

Kateket Marit Sofie Teistedal Vikre

Diakon Kjersti Hjelmervik Lofthus
mobiltelefon: 48 891 427

Trusopplæring/Kyrkjenær

Leiar Kyrkjenær: Marit Sofie Teistedal Vikre

Medarbeidarar:

Nedstrand: Ingrid H. Landro

Tysvær: Marit Sofie Teistedal Vikre

Førresfjorden: Kari Undheim

Telefon: 52 75 77 00*

Organistar

Johannes Støle, mob: 456 00 925

Stein Johannes Kolnes, mob. 909 18 088

Bergfrid Seibt, Tysvær kyrkje

Kyrkjeverje

Tysvær kommune: Eva Birkeland

Mobiltelefon: 950 51 038

Bokn kommune: Jan Magne Moi

Mobiltelefon: 913 59 668

Kontorsekretær

Ann Margit Grønstad

Kyrkjetonarar

Tysvær sokn:

Kenneth Hammarqvist, 474 54 748

Førresfjorden sokn:

Bokn sokn:

Odd Grønnestad, 52 74 84 03

Nedstrand sokn:

Gunn Elisabeth H. Ertenstein, 976 18 216

Skjoldastraumen: Eva Keller, 936 75 972

Vaktmester alle bygg:

Steinar Sælevik, 404 84 981

Skal du gå i kyrkja i år?

av Anne Lise Ådnøy, konstituert biskop

Gudstenesta på julaftan utfordrar oss til å la sjela kvila i det som faktisk er: både det me gler oss over og det som ikkje vart slik me hadde tenkt. Midt i vår milde, våte vinter finst det ein torste: torsten etter å kjenna seg godteken og elska. Ta imot juleevangeliet: Gud elsker deg! Jesus er det språket Gud brukar for å fortelja oss det.

Juleevangeliet gjev næring til mange spørsmål og stor undring. Evangeliet gjev meir jo ærlegare me nærmar oss. Sanninga er at ein fødsel alltid er eit under. Når me feirar Jesu fødsel får me hjelp til å sjå at kvart menneskeliv er ei gåve. Gjennom ditt liv kan Skaparen sitt lys bli merka. Me er aller mest gjennomskiktige når me er ekte. Det er ikkje det perfekte livet som vitnar om Gud. Lyset strålar fram gjennom det livet som treng nåde og lev av kjærleik.

Englane høyrer med i juleforteljinga. Vår tid har kanskje rom for englar og det overnaturlige? Det viktigaste er likevel å våga å vera heilt til stades i sitt eige liv. Då kan du merka godleiken frå eit anna menneske, nesten som streif av ein engleveng. Då gjetarane i Betlehem vart åleine, etter at englane var borte, sa dei: Kom, la oss gå og sjå. Ingen kan leva på andre sine opplevingar. Gjer erfaringar sjølv. Sett deg i rørsle. Gå i kyrkja. Gud elsker deg som du er. Det har Jesus sagt med heile seg.

God og velsigna jul!

Anne Lise Ådnøy



Mormor, mat og andakt

av Kirsten Synnøve Rolland/Steinar Høyvik/Hartvig Waage

Søndag 11. november lanserte Else Olsen Storesund kunstboka "Mormor, mat og andakt" med tilhøyrande fonogram (cd). Prosjektet var i regi av bLEST og eit samarbeid mellom Tysvær Historielag, Apeland bedehus, Tysvær sokneråd og Falland Forlag.

Inspirasjonskjelda til dette lokal-historiske prosjektet, er Else si mormor, 101 år gamle Johanna Askeland. Johanna vaks opp i tidlegare Søre Skjold, nå Tysvær, i det vestlandske bedehusmiljøet der eit djupt religiøst livssyn, takksemd, nøysemd og det å sjå seg sjølv i eit større bilde, sto sentralt. Vaksenlivet sitt hadde Johanna på Askeland der ho dreiv gard saman med mannen Knut. Familien var aktive både i kyrkje og bedehus.

I kunstboka har Else fletta inn historier om familien, oppskrifter frå Johanna si kokebok og salmar. Kunstnaren Caroline Ho-Bich-Tuyen Dang er illustratør.

Då Else planla korleis ho skulle presentere prosjektet sitt, ønskte ho å servere emissærmiddag, hønsefrikassé etter mormor si oppskrift, på soknehuset og halde konsert og lese frå boka si på Apeland bedehus.

Bedehuset blei bygd i Tysværvåg i 1848 og sett opp på Apeland i 1935. Nå er bedehuset ein del av kulturvernminneplanen og eit av dei eldste bedehusa i landet som framleis er i drift.

Bedehusstyret blei litt bekymra då dei forstod at Else skulle spele på preppa piano. På bedehuset var det berre elektrisk orgel og trøorgel. Men Hartvig Waage, leiar i Tysvær historielag, ordna piano. Søndag spela Else både på trøorgel og piano. Ho hadde montert skruar o.a. inn i strengene på pianoet. Slik får Else fram den klangen som ho likar så godt, men ho legg til: «Ikkje gjer dette heime! Dette må ein kunne om ikkje ein skal øydelegge instrumentet!»

Det blei svært godt frammøte både på Soknehuset og på bedehuset. Kaffien smaka godt i gamle bedehuskoppar. Else viste seg som ein fantastisk formidlar- både gjennom ord og tonar. Vi som var litt spente på om preppa piano var noko for oss, opplevde at tida mest gjekk for fort.

Vi er takknemlege for at vi fekk dele "Mormor, mat og andakt" med Else, familien hennar og ikkje minst, mormor Johanna Askeland sjølv. Nå skal vi kose oss med boka og cd-en.



Under middagen på soknehuset, som var etter mormor Johanna Askeland si oppskrift på hønsefrikasse, fekk me ta del i nokre gripande historier delt av Else Olsen Storesund som las frå si bok. Dette fekk kanskje nokon kvar av oss til å stoppe litt opp og tenke over våre hastige måtid og vanar, mot den respekt og tolmod ein her viste måltida og folket rundt bordet. Mat, andakt og respekt hang saman i Johanna sin heim.

Heilheten av måtidet blei ekstra staslig når det var Johanna sine etterkommerar som tilberedde maten, og Johanna var sjølv til stades.



VÅRE FRIVILLIGE BESVARER 500 HENVENDELSER HVERT DØGN. LIKEVEL ER DET EN AV TRE SOM IKKE FÅR SVAR.

VI TRENGER FLERE FRIVILLIGE, VIL DU BIDRA?

Se kirkens-sos.no

KIRKENS SOS

Vi er her. Alltid.



Bilete til høgre:
I Nedstrand sokn er det 3-åringane som vert invitert på undertur.
Bilete over og til venstre:
I Førresfjorden sokn vert 4-åringane invitert på tur rundt i kyrkja.



Bilete til høgre:
To leikande konfirantar på 4-årssamling i Skjoldastraumen.
Medan borna er opptatt med andre aktivitetar, nyttar hjelpeleiarane sjansen til å prøve leikene



Etter skoletid i Aksdal kirke

Etter skoletid har i høst hatt 72 påmeldte 4.-7. klassinger.

Det yrer av liv i de fleste av kirkens krinker og kroker på onsdagene. Denne høsten har vi startet opp kor som en av aktivitetene, og akkurat nå foregår det intens øving til et julespill.



Samling for 3- og 4-åringane i Bøkn kyrkje

Spente barn som blei 3 år dette året, kom til kyrkje laurdag 17. november. Dei fekk kvar si lita bok; Kyrkja mi. Dette er ei bok som kyrkja i Bøkn ynskjer å gje til alle barn i kommunen. No fekk dei vere med rundt i kyrkja for å sjå kvar bileta var teke.

Så kom dei som fylte 4 i 2018. Først bollar og juice, så samling og førebuing til å få barnebibel under gudstenesta søndag.

Merete Alvestad, Bergfrid Seibt og Arne Aurdal gjorde samlingane til eit godt minne.

Kyrkjeneær Førresfjorden, våren 2019:

- **Etter skoletid** (4.-7.klasse): Onsdager kl 12.15-15.30
- **Babysang** (0-1 år): Onsdager kl 10.00-11.00. Oppstart 9. januar
- **Aktivitetsdag på skolenes planleggingsdag** (3. klassinger): Mandag 28. januar kl 8.00-15.30
- **Barnebibelen** (4 åringer, første halvår): Samlinger tre torsdager kl 17.00: 31. januar, 7. og 14. febr. Utdeling av Barnebibelen 17. februar
- **Dåpsskole** (1. klassinger): Fire samlinger + gudstjeneste. Oppstart 21. februar
- **Leir på Stemnestaden + utdeling av Bibelen** (5. klassinger): 15.-17. mars
- **24 hours- festival** (4.-7.klasse): 23.-34. mars
- **Helt førsteklasse** (for skolestartere): mai/juni



Bilde fra babysong i Aksdal kirke



Bilete over: Søndag 18. november var det ein fin gjeng med fireåringar som fekk utdelt barnebibel i kyrkja. Dag Tormod samla fireåringane i motgangen under preika, og las dagens tekst frå den nye bibelen. Inni bibelen låg det sjølv laga bokmerket (fisken) frå samlinga på Soknatun.
Bilete til høgre: Solveig (4 år) og Aksel (2,5 år) les i barnebibelen før leggetid.

Barnebibel til fireåringane

av Åsne Breidablik Hustoft

Heilt sidan invitasjonen kom i posten har fireåringen i huset gleda seg. Brevet frå Kyrkjenær inviterte alle 4-åringane i Nedstrand og Skjoldastraumen til samlingar på Soknatun og Skjoldastraumen bedehus. Eg intervjuar Solveig (4 år) om opplegget.

- Kan du fortelje litt om kva de gjorde på Soknatun?

- Me malte med maling på eit ark, som skulle bli til ein fisk. Og så perla me på ei snor. Det skulle bli pynt på fisken. Heilt til slutt åt me kveldsmat ilag.

- Kva åt de då?


- Me åt rundstykke som me hadde laga heilt i starten av samlinga ilag med dei vaksne.

- Kvifor vart de invitert til Soknatun trur du?

- Ingrid viste oss barnebibelen som vi skulle få i kyrkja, og så leste ho litt frå den.



kyrkje
nær
 I TYSVÆR





Godt humør på denne One Way gjengen.

50 år med Ten Sing

av Asbjørn Erdal

– Nå øver vi til den store jubileumsfesten på Karmøy i november. Der skal alle de ni Ten Sing-korene fra Haugalandet være med, sier Pål Sjørson, kontaktperson i One Way. Alle gleder seg til det og ser fram til å lage et stort felleskor.

I år er det altså 50 år siden de første Ten Sing-korene ble startet i Norge. Dette markeres med mange ulike aktiviteter i distriktet i november. Fem år etter oppstarten i Bergen, var Kari Espeseth med å starte One Way i Førre/Aksdal.

– Ten Sing er et kristent ungdomsarbeid som kombinerer utfoldelse og aktivitet med ledertrening og personlig utvikling. Gjennom kor, band, dans, drama, teknikk og styrearbeid, får ungdommer mulighet til å utfolde seg kreativt, sier Pål.

Det er onsdag kveld i kirken i Aksdal. I gangene lukter det nysteikt pizza, og fra ungdomslokalet hører en flott musikk og svingende rytmer. Pål spiller selv gitar i orkesteret sammen med ungdommene som smiler og ler.

– I pausen kan det være at gjengen går i gang med en dans eller en lek, sier han. Av og til får vi besøk av presten. Innimellom går vi opp i kirkerommet og har en bønnvandring der.

På kjøkkenet står en av foreldrene og lager kveldsmat, og øvelsene avsluttes alltid med god mat og prat.



Øystein Østebøvik har lang fartstid i One Way og kan brukes til det meste.

– Det er kjempekjekt å være med her, sier Elias Klingsheim. Jeg begynte i koret som konfirmant, men så trengte de en på bassgitar i orkesteret, og nå er jeg blitt bassist.

– Vi er en god gjeng, men har plass til mange flere, sier Elise Frønsdal. Sangere kan bli med i koret, musikere i bandet og andre kan ta seg av teknikken.



Alise Haraldseid Larsen er klar med kveldsmaten.

Alle fra ungdomsskolen og oppover er velkomne. Det er ingen aldersgrense oppover.

Mange av Norges fremste artister har begynt sin musikalske karriere i Ten Sing. Så det skal bli spennende å se om disse ungdommene her en gang blir store stjerner.




Lars Morten Østebøvik Rossebø trakterer slagverket.



Elise Frønsdal, synger, spiller piano og dirigerer.



Pål Sjørson (f.v) på sologitar og Elias Klingsheim på bassgitar.



Retro julekaker

av Steinar Høyvik

Retro er jo inn i tida, Finn og Facebook renn jo over av grupper og annonser med retro møbler, klær og anna ymse utstyr. Finns det «retro julekaker» montru? For å unngå problem med kjeldekritikk går eg derved rett til kjelda.

Svigermor Signe er frå Jæren, nærare bestemt «Vigrest», dei må jo ha ete julekaker der vel. Me kjenner att ei kokebok som virkar på at det er lause blad og ymse håndskrivne innstikk. Nettopp ei slik er det eg får ihende frå svigermor, og ut dett denne oppskrifta på «Havremakroner». Denne fortel ho er den same som hennar mor bakte etter, og er dermed velrøyd sko tru.

Om me googlar makroner får me vite dette «Makroner er småkaker, makroner er runde, kuppelforma kaker med flat bunn, nåken centimeter i diameter, med ein relativt fast overflate og – avhengig av slag – eit kornete, luftig eller mjukt innhold»


Her er gjort støttenotat undervegs i oppskrifta ser me, altså er 2 koppar pressa havregryn redusert til 1 1/2 kopp, og ein kopp smelta smør er for orden skuld 100 gram . Her er det kun tale om skikkelig smør og ikkje nåke «planteerstatningsmargarin»

Havremakroner:

1 1/2 kopp pressa havregryn (det meiner eg betyr øvekjørte eller dualeg valsa havregryn)
1 kopp smelta smør
1 kopp sukker
1 1/2 2 kopp kveitemjøl
4 skeier mjølk
1 teskei kanel
1 knivsodd nellik
1 teskei natron
1/2 teskei hjortesalt

Smør og sukker røras, tilsett mjølk, krydderier og gryn. Mjølet siktas og has i, trillas til kuler og settes på smurt plate med teskei (skikkelig smør) og trykkes flate. Steikas på 180 grader i 10-15 minuttar til dei er gyldne.

Dermed «retro» julekaker med litt fartstid. Velbekomme.



Jubileumsboka for Nedstrand kyrkje 150 år !



Utsyn frå presten

Kyrkja idag og framover

DAG TORMOD MILJE

NEDSTRAND KIRKJE - slik vi ser den sentralt plassert i bygda - er 150 år. Men kyrkja i Nedstrand er mykje eldre. Kyrkja er både eit bygg og eit fellesskap. Kyrkja er eit uttrykk om den treinelege Gud og den fyllest av folk som har fått livet sitt prega av Jesus Kristus. Folk og Ord gjer kyrkja til eit fokuspunkt som rører ved følsame sider ved liva våre.



Vi kjenner ikkje svara på slike spørsmål. Men vi spør fordi vi ser endring. Endring kan verke skremmande eller utfordrande. Endring kan gje håp om nye opne rom kor åndeleg lengsel kan finne meining!

FOLKEKYRKJA

Folkekyrkje er blitt eit omgrep som vert brukt meir og meir om Den norske kyrkja. Kan hende gir omgrepet ein emosjonell kompensasjon for «statskyrkja» som blei avvika? Den norske kyrkje er framleis ei majoritetskyrkje i Norge med kyrkjelydar og medlemmer som bur både i urbane strøk og rundt omkring i heile landet vårt. Slik sett kan kyrkja kallast ei folkekyrkje.

Det er spanande å sjå 150 år tilbake i tid og bli minna om augneblink og hendingar, om utvikling og prosessar som har vore med på å forme identiteten vår. Folk er alltid i relasjon med andre og blir påverka. Vi er aldri upåverkelege som i eit vakum, og kyrkja og trua påverkar oss. Men slik som livet elles har kyrkja og trusuttrykk også endra seg.

Kyrkja og trua er også nåtid og framtid. Det er spanande å tenkje på kva som ligg føre oss og kva endringar som vil kome. Kva vil det seie for folkekyrkja på Nedstrand at vi ikkje lenger er i «statskyrkje»? Kva vil det seie for utbreininga av trua på Jesus at Den norske kyrkja får ein endra posisjon i det norske samfunnet? Kva vil det seie for soknet at mangfaldet på det religiøse torget blir større samtidig som folk kanskje søker det dei ikkje finn der? Og korleis vil store saker som blir vedtatt av kyrkja si leing kunne virke inn og prege lokalkyrkja?



Kyrkja i Nedstrand er ein del av denne folkekyrkja. Her er omlag 90% av innbyggjarane medlem. Oppslutnaden om til dømes dåp og konfirmasjon reflekterer dette. Ved sorg og gravferd er kyrkja den naturlege samlingsstaden.



I Nedstrand kyrkje er det høg oppslutnad om dåp og konfirmasjon.

9

I TRU HÅP & KJÆRLEIK

Det lange byggeprosjektet

Om tårn, prakt og prest

MERETE SØNSTERUD / NILS OLAV ØSTREM

Det tok mange år å planleggja ny kyrkje i Nedstrand. Det gjekk 22 år frå første gong kommunestyret diskuterte nybygg i 1846 til innviinga i 1868. Den lange utsetjinga kom seg av to spesielle grunnar: Motstand mot tårn og mot prest. Først ville bygdefolket ikkje byggja kyrkje med tårn. Så ville dei ikkje ha ny kyrkje så lenge dei hadde Johannes W. C. Dietrichson som sokneprest.

Planarbeidet stoppa heilt opp då Dietrichson var prest i Nedstrand, frå 1851 til 1862. Men deretter tok det berre godt og vel eitt år å byggja kyrkja. Godkjenninga kom i januar 1867. Grunnmuren var ferdig på våren same året, og 15. juli 1868 blei Hinderå kyrkje innvia av biskop von der Lippe. Hinderå var den gongen namnet på Nedstrand kyrkjesokn.

Behov for ny kyrkje

Jacob von der Lippe var biskop i Kristiansand i 34 år, frå 1841 til 1875.¹ Han hadde med andre ord ansvar for Nedstrand prestegjeld i heile den lange perioden med idé, søknad, diskusjon, utsetting, planlegging, bygging og innviing av nye Nedstrand kyrkje. Hans aller første bispevisitas i Nedstrand var i 1843, og då noterte han i visitasprotokollen at «hovedkirken er en omtrent 200 år gammel langkirke».² Hinderå prestegjeld bestod av to kyrkjesokn: Hinderå, med hovudkyrkja, og Sjernarøy, med anneskyrkje.

I 1881 blei namnet på Hinderå prestegjeld endra til Nedstrand prestegjeld, og hovudkyrkja endra namnet til Nedstrand kyrkje.³

I 1846 kom biskop von der Lippe tilbake til Nedstrand. Det er tydeleg at biskopen var godt fornøgd med sokneprest Ebbesen. Biskopen noterte om preika til Ebbesen at han «holdt til sand opbyggelse et saare vel udarbeidet og vakert Foredrag».



Biskop Jakob von der Lippe.

22

NEDSTRAND KIRKJE 150 ÅR

Mellom dei to bispevisitasane i 1843 og 1846, hadde det skjedd noko viktig i kyrkjehistoria for Nedstrand. Den gamle kyrkja var blitt kjøpt av kyrkjelyden i Nedstrand. Etter reformasjonen i Norge rekna kongen seg også som eigar av dei lokale kyrkjene i by og bygd. Kongen fekk pengeproblem på 1700-talet, og for å skaffa seg inntekter blei mange av kyrkjene på landet selde. Nedstrand kyrkje blei selt til ein del bygdemenn i 1725.⁴ Det gjekk 120 år frå kongen var kyrkjeelgar til kyrkjelyden blei kyrkjeelgar. I denne perioden var kyrkja i privat eige.

Sokneprest Ebbesen var ordfører i Nedstrand kommune då kyrkja blei kjøpt i 1845.⁵ Han var den aller første ordføreren i Nedstrand og hadde altså blitt vald til ordfører etter at det kommunale sjølvstyret blei innført ved formannskapslova frå 1837. Ebbesen sat som ordfører 1837-1838 og igjen frå 1842 til 1845. Sett frå biskopen sin ståstad var det nok gunstig at presten var ordfører, og me kan tenkja oss at kyrkehjandelen har skjedd i samråd med biskopen. I alle høve skriv biskopen i visitasprotokollen i 1846 at den gamle Hinderå kyrkje er «kommet i Menighetens eie».

Biskopen noterte vidare at kyrkjelyden «vil treffe fornøden Foranstaltning til at Kirken, der er for liden, kan gives en tilstrekkelig Størrelse».



Ein skuleklasse: Kva tenkjer de om kyrkja?

Når me tenker på kyrkja vår, tenker me:

- At den har klokker som slår
- At det er fint inni den
- At folk blir gravlagde utanfor kyrkja på gravplassen
- På Gud og Jesus
- På Kristendommen
- At det er eit stort bilete framme i kyrkja
- På oldemor som er død
- På kors
- At ein syng fine songar der
- At kyrkja er veldig stor
- På presten
- På jul, for det har med Jesus å gjere
- At det er fint pynta i og utanfor kyrkja når det er jul
- På advent og at me tenner eit lys kvar søndag
- På orgel

Kva har me opplevd i kyrkja?

- Dåpskule
- Gudsteneste
- Babyar som vart døpt
- Konfirmasjon
- Gravferd
- Fått barnebibel der
- Gått på kor i kyrkja

Kva er fint i kyrkja?

- Det er fine lamper og lysekroner
- Fine bilete
- Fin preikestol
- Fint juletre når det er jul
- Fint at presten har så fin prestekjole og det som heng rundt nakken hans. Det er veldig langt.
- Fin musikk frå orgel
- Gode puter på benkane som me kan sitte på
- Fint at me kan få kyrkjekaffi
- Presten er fin
- Fint det presten seier når det er nattverd
- Fin døypefont
- Fint bilete av Jesus

Den gamle kyrkja, med godt og vel 200 sitjeplassar, hadde blitt for litte. Sokneprest Ebbesen var så populær og godt likt, at folk kom langvegs frå når han heldt gudsteneste. Det er skrive om Ebbesen at han var «ein dugande talar og særst godt likt av kyrkjelyden. Folk frå nabosoknene, Skjold, Vikedal og Jelsa, reiste til Nedstrand preikesundagane for å høyra han tala».⁶ I visitasprotokollen har biskop von der Lippe gitt oss denne attesten om Ebbesen: «Mellom Sognepresten og hans Menighed hersker det beste Forhold, gjensidig Tilfredshed i enhver Henselse...». Året etter, i 1847, blei Ebbesen utnemnd til prost i Ryfylke. Han var med andre ord godt likt og akseptert i alle ledd i det kyrkjelege systemet.

Kyrkjelyden konstaterte snart som eigar av den gamle kyrkja at ho var for litte. Planen er å gjera kyrkja stor nok og spørsmålet blir korleis ein kan gjera kyrkja i bygda større. På visitasområdet i 1846 blei det vurdert fleire alternative måtar å gjera dette på. Først blei «Indbygning i Kirken» diskutert og vurdert. Dette forstår me som ei utviding av sitjeplassar i det eksisterande kyrkjerommet. Men dette vil «vanskelig svare til Hensigten», som det står i protokollen. Så blir tilbygg til den gamle kyrkja diskutert. Men det vil «ogsaa være forenet med ulempe».

Biskopen, prosten og soknepresten blei på visitasområdet den 24. august 1846 einige med

dei ti lokale mennene at Nedstrand hadde behov for ei ny og større kyrkje. Dermed konkluderte dei 13 mennene på visitasområdet at «opførelse af ny Kirke paa ny tomt tæt ved Kirkegaarden syntes at være at foretrekke». «De Mødende» lova å føra saka vidare. Kyrkjesaka blei tatt vidare i kommunestyremøtet i september.

Kommunestyret og kyrkjesaka

Kommunestyret vedtok 28. september 1846 å søkja om å få byggja ny kyrkje: «naadigst Tilbedelse til Opførelse af ny Kirke». I boka Nedstrand herad i hundrad år 1837 – 1937 er det tatt med ei rekke kommunestyrevedtak som har med kyrkjesaka å gjera: Same dagen som vedtaket om å få byggja ny kyrkje, valde kommunestyret seg ut ein av dei offentlege kyrkjeiteikningane – med unntak av kyrkjetårnet. Byggjematerialane vil dei ta frå kyrkjesoknen. Kyrkjetårn ville mange i kyrkjelyden ikkje ha på den nye kyrkja. Dei rekna det som syndig å pynta kyrkja med kyrkjetårn.

Kommunestyrereferatet frå møtet i april 1847 har ei lang utreiing om kyrkjesaka og -tårnet. Kommunen hadde rådført seg med ein annan kyrkjelyd, Nesodden, som nyleg hadde bygd kyrkje med tårn. Svaret dei fekk, var at tårnet ikkje hadde nokon nytte, men var dyrt å byggja og vedlikehalda. Men Nedstrand kommune-styre fekk ikkje lov av departementet å byggja kyrkje utan tårn, og ville dermed utsetja saka inntil vidare.



Underskrifter til dekkarar på visitasområdet i 1846 som gikk inn for å byggja ny kyrkje.

23

I TRU HÅP & KJÆRLEIK

Middelalderkirkegården

DAGFINN SILGJERD



Tidlig kirkested

Vi vet ikke når den første kirken og kirkegården kom til Hinderå, men det er antatt at det har vært et kristent samlingssted her alt fra 1000 tallet og kanskje før. Den første kirken vi med sikkerhet vet om, kan dateres tilbake til 1280. Det året gav Arnbjørn av Heimnes i sitt testamente en mark sølv til Nessa og Hinderå kirker. Kirkestedet ligger ved havet, noe som var naturlig ettersom de fleste kom sjøveien til kirken. Middelalderkirkegårdene på sørvestlandet hadde ofte fra gammelt av en rund eller halvrund form, og det ser vi også her. Den runde eller ovale formen på kirkegårdene finner vi igjen på de gamle norrønne bosetningene på Island og Grønland og i Irland.

Kirken sto oftest midt på kirkegården, og det var trolig også tilfelle for den kirken vi finner omtalt her på 1600 tallet. Den vestre inngangen til kirkegården og til kirken var litt sør for bautasteinen som ble brukt til gapestokk.

Der var også broen over elven plassert før kjøreveien kom i 1868. Broen ble i året 1800 beskrevet av Jens Zetlitz som «en ualmindelig stor Flad-Helle». Kanskje det er denne hellen som ligger på tvers som fundament på vestsiden av dagens bro, den er ca 4m lang.

På Wilse sitt foto fra 1913 kan vi se rester etter broen, og det er fortsatt synlige spor etter den på vestsiden av elven Hinderåa.

